

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte- og talerett i forumet.



Pressemelding frå Forum Nye Bergensbanen, 26.05.15.

Ringeriksbanen kan gi produktivitetsvekst på 6 milliardar per år

Analyse viser at Ringeriksbanen gir potensiale for auka produktivitet og vekst i verdiskaping tilsvarende om lag 6 milliardar kroner kvart år. Auken vil skje gradvis over 10 år, og den årlege gjennomsnittlege veksten desse første ti åra vil kunne bli omlag 2,5 milliardar kroner. Med ein slik produktivitetsvekst vil samfunnsrekneskapen for Ringeriksbanen bli svært positiv.

Analysen er utført av eit forskarteam ved BI med professor Torger Reve i spissen. Funna i analysen vart presentert og gjennomgått med samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen torsdag 21. mai.

Ringeriksbanen vil koble Ringeriksregionen og Osloregionen saman til ein næringslivs- og arbeidsmarknad, og formålet med analysen har vore å beregne kva produktivitetseffektar denne samankoblinga vil ha. Desse effektane har ikkje blitt tatt med i dei tidlegare berekningane av samfunnsnytte, og er difor eit nytt og viktig moment i dei vurderingane regjeringa no skal gjere. Analysen tek utgangspunkt i Smaragdmodellen som er utvikla i forskningsprosjektet «Et kunnskapsbasert Norge» (2012). Modellen fokuserer på konkurranse, samarbeid, komplementaritet og arbeidsmobilitet.

Det samla potensialet for produktivitetsvekst i næringslivet i Oslo-området og Ringeriksregionen er berekna til ca 2,5 mrd pr år i snitt for dei første 10 åra. For Ringeriksregionen åleine er dette potensialet berekna til litt over 1,5 mrd kr. pr år. Eit vesentleg element er at reisetida mellom Hønefoss og Oslo blir rundt 30 minuttar, altså godt under dei 45-60 minuttane som vert rekna som ei grense i forhold til pendlingsvilje.

For staten som skal betale den store investeringa som Ringeriksbanen er, vil denne produktivitetsveksten innebere betydelege inntekter i form av skattar og arbeidsgjevaravgift.

Arbeidet som er gjort er heilt i tråd med tilrådingane frå Hagen-utvalet om å gjennomføre supplerande analysar av netto ringverknader for nettopp denne typen samferdselsprosjekt.

Styreleiar i Forum Nye Bergensbanen, Mona Hellesnes, er svært nøgd med resultata av analysen. «Eit av dei viktigaste formåla med Ringeriksbanen er å utvide bu- og arbeidsmarknaden rundt Oslo. Då er det også naturleg å inkludere effekten av dette i kost-nytte vurderingane. Analyseresultata er positive og viser at Ringeriksbanen er eit svært samfunnsnyttig prosjekt.»

Ordførar i Ringerike Kjell B. Hansen peikar på at analysen stadfestar Ringeriksbanen som eit samfunnsnyttig prosjekt. Hansen meiner difor at desse nye tala som viser potensialet for

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte- og talerett i forumet.



produktivitetsvekst og verdiskapning i næringslivet tilseier at etatane si tilråding om planlegging, byggestar og sluttføring i 2024 bør avgjerast raskt.

Ringeriksbanen vil redusere reisetida for Bergensbanen med 60 minuttar. Det tilrådde konseptet for ny jernbanetrasé og E16 Arna-Voss vil gje ytterlegare 45 minuttar i reisetidsreduksjon. Desse to prosjekta åleine vil med andre ord redusere reisetida med tog frå Oslo til Bergen med nesten to timer!

Analysen er utført av eit forskarteam frå BI etter førespurnad frå:

Forum Nye Bergensbanen
Rådet for Ringeriksregionen
Ringerike Næringsforum
Vossaløysinga
Bergen Næringsråd

For ytterlegare kommentar, kontakt:

Mona Haugland Hellesnes, styreleiar
Adelheid Nes, dagleg leiar
Kjell B. Hansen, nestleder, ordførar i Ringerike

mob. 4139 0461
mob. 4180 8992
mob. 95752635